



FØREBYGGJING
AV RADIKALISME
OG VALDELEG
EKSTREMISME



INNHALD

- 1 **OM RETTLEIAREN**
- 2 **KVA ER RADIKALISERING OG VALDELEG EKSTREMISME?**
- 3 **URO – KVA SKAL ME SJÅ ETTER?**
- 4 **MOGLEGE RISIKO/VERNANDE FAKTORAR**
- 5 **MOGLEGE RISIKO/VERNANDE FAKTORAR - TABELL**
- 6 **EG ER UROA – KVA GJER EG? PRIVATPERSONAR**
- 7 **EG ER UROA – KVA GJER EG? OFFENTLEG TILSETTE**
- 8 **KONTAKTINFORMASJON + RESSURSAR + KJELDER**



POLITIET

OM RETTLEIAREN

Saman med lokalt politi har kommunane Bømlo, Fitjar og Stord utarbeidd denne rettleiaren. Rettleiaren er meint til å gje kunnskap om korleis me kan førebyggje, oppdage, møte og følgje opp valdeleg ekstremisme. Den er særleg tiltenkt tilsette i offentlege tenester, private og offentlege arbeidsgjevarar, og leiarar i frivillige lag og organisasjonar, men er også relevant for innbyggjarane elles.

Målet med rettleiaren er at den skal vere eit oppslagsverk der ein kan tileigne seg kunnskap. Rettleiaren inneheld informasjon om omgrep, handlingsplanar, litteratur, kontaktpersonar og lenker til relevante nettstader. Du vil og finne tips om uroteikn, avklaring og moglege tiltak. Rettleiaren skildrar og eit handlingsløp; «frå uro til handling».

Rettleiaren er fyrste gong gitt ut i juni 2016.

KVA ER RADIKALISERING OG VALDELEG EKSTREMISME?

Ein må skilje mellom radikalisering og det å vere radikal. Å vere radikal kan brukast om det som er valdsamt og/eller i ytterkant. Ein snakkar mellom anna om radikale haldningar innanfor politikk, religion, etikk og kunst/kultur. Radikale personer, som til dømes Mahatma Ghandi, Nelson Mandela og Martin Luther King, er personar som blir omtalt i positive samanhengar.

RADIKALISERING

Radikalisering er ein prosess der ein person/gruppe i aukande grad aksepterer bruk av vald som verkemiddel for å nå politiske/ideologiske/religiøse mål.

VALDELEG EKSTREMISME

Valdeleg ekstremisme er aktiviteten til personar/grupper som er villig til å nytta vald for å nå sine politiske/ideologiske/religiøse mål.

Med ekstremisme meinast at ein 1) berre aksepterer eigne meiningar og 2) meiner det er legitimt å ty til vald for å få gjennomslag for meiningane.

HATKRIMINALITET

Hatkriminalitet er kriminalitet som har rasistiske, framandfiendtlege eller homofobiske motiv, eller som på ein eller anna måte er grunngjeve mot ein person eller gruppe.

NETTEKSTREMISME

Nettekstremisme er radikalisering og valdeleg ekstremisme på internett. Denne form for ekstremisme består i å fremje ekstreme ideologiar og ytringar på internett som kan rammast av straffelova. Det er skilnad på hatefulle ytringar og hatkriminalitet. Men av og til fell desse to saman, for eksempel der meiningar kombinert med trugsmål.

RADIKALISERINGSPROSESSAR

Radikaliseringsprosessar varierer frå person til person/gruppe til gruppe. Prosessane kan oppstå innanfor alle typar livssyn, kulturelle bakgrunnar og politiske retningar. Det skjer over kortare eller lengre tid, anten gradvis eller akutt.

UTANFORSKAP

Utanforskap, eller sosial eksklusjon, kan forståast som individuelle og strukturelle mekanismar eller barrierar for deltaking på ulike arenaer. Skilnadar i helse, utfordringar med rus, psykiske lidingar, låg deltaking i fritidsaktivitetar, prestasjonspress, skilnadar i økonomi, samt ulike moglegheiter for å følgje utdanningsløp og skaffe seg jobb, er eksempel på forhold som kan føre til utanforskap.

AVRADIKALISERING

Ein prosess som kan føre til at ein person i mindre grad aksepterer bruk av vald for å oppnå politiske/ideologiske/religiøse mål.

URO – KVA SKAL ME SJÅ ETTER?

Her er nokre teikn på moglege signal som kan gje uro. Isolert sett treng ikkje teikna under vere eit uttrykk for radikaliserings. Det er viktig å vurdere teikna samla og ut frå personen sin totalsituasjon. Summen av uroteikn dannar grunnlag for uro.

UTSEGN/YTRINGAR

- Intoleranse for andre sine synspunkt
- Fiendebilete – "oss og dei"
- Konspirasjonsteoriar
- Hatretorikk
- Sympati for absolutte løysingar som avskaffing av demokrati o.l.
- Legitimerer vald
- Trugslar om vald for å nå politiske mål

INTERESSER/UTSJÅNAD/SYMBOLBRUK

- Appellerer til og søker etter ekstremistisk materiale på internett
- Åtferdsending: Endrar utsjånad, klesdrakt, oppførsel osv.
- Nyttar symbol knytt til ekstremistiske ideal og/eller organisasjonar
- Sluttar på skule/arbeid/fritidsaktiviteter m.m.

AKTIVITETER

- Opptatt av ekstremisme på internett og sosiale media
- Deltok på demonstrasjonar og valdelege samanstøytar med andre grupper
- Bruker trugslar og vald som følge av ekstremisme
- Hatkriminalitet
- Reiseverksemd som kan føra til auka radikaliserings og kontakt med ekstremistar

VENER OG SOSIALE NETTVERK

- Endrar nettverk/omgangskrets
- Omgås personar/grupper som er kjende for ekstremisme
- Omgås grupper som utøver vald/trugslar/annan kriminell verksemd
- Medlem i ekstremistiske grupper/nettverk/organisasjonar

MOGLEGE RISIKO- OG VERNANDE FAKTORAR

Ein risikofaktor kan definerast som «en hvilken som helst faktor hos individet eller i oppvekstmiljøet som kan assosieres med økt sannsynlighet for negativ psykososial utvikling i fremtiden». Ein vernande faktor er «en hvilken som helst faktor hos individet eller i oppvekstmiljøet som kan assosieres med redusert sannsynlighet for fremtidig negativ psykososial utvikling» (Nordahl, Gravrok, Knudsmoen, Larsen og Rørnes, 2005).

Alle menneske er utsatt for både risiko- og vernande faktorar.

Tabellen på neste side skildrar ei oversikt over risikofaktorar og vernande faktorar knytt til individ, familie, venner, skulen og nærmiljøet.

	RISIKOFAKTORAR	VERNANDE FAKTORAR
Personlege	<ul style="list-style-type: none"> • Utanforskap • Marginalisert/diskriminert • Manglar/søkjer tilhøyrsl • Skulerelaterte problem • Manglar kunnskap 	<ul style="list-style-type: none"> • Traumatiske opplevingar • Søkande etter svar • Individuell sårbarheit • Betraktar seg sjølv som offer • Manglar sjølvkontroll
Familiemessige	<ul style="list-style-type: none"> • Dårlig samspel i familien • Foreldre som slit i foreldrerolla • Sosiale problem i familien • Psykiske problem i familien • Rusmisbruk 	<ul style="list-style-type: none"> • Fattigdom og/eller arbeidsløyse • Vald eller annan omsorgssvikt • Ekstreme sympatiar hos vener, familie eller slekt
Sosiale	<ul style="list-style-type: none"> • Låg sosial status • Manglar/søkjer tilhøyrsl • Marginalisert ungdom • Opplevd diskriminering • Negativ påverknad av vener 	<ul style="list-style-type: none"> • Liten/ingen deltaking i sosiale fellesskap • Arbeidsledig • Livsstil som omfattar kriminalitet • Utrygt nærmiljø
Motivasjon	<ul style="list-style-type: none"> • Tilbod om fellesskap • Få aksept/ verte godteken • Spenning • Vern • Ekstremistiske forbilde 	<ul style="list-style-type: none"> • Føler at religion, kultur, land, nasjon mm. er under angrep
Ideologiske og kulturelle	<ul style="list-style-type: none"> • Politisk debatt – kulturell identitet • Misnøye med sosial og økonomisk utrettferd • Legitimering og rettferdiggingering av vald for å nå mål • Sympati for absolutte løysingar som avskaffar demokrati • Konspirasjonsteoriar • Polariserande fiendebilete 	<ul style="list-style-type: none"> • Bli møtt med konstruktiv dialog og inkludering • Lytte til genuin uro • Vise genuin omsorg og forståing for ulike faktiske problem • Komme med konstruktive spørsmål som utfordrar ideologien

EG ER UROA – KVA GJER EG?

PRIVATPERSONAR/ FRIVILLEGE LAG OG ORGANISASJONAR/ PRIVAT NÆRINGS LIV

Som medmenneske og samfunnsborgarar har me alle eit ansvar for å skape eit trygt nærmiljø, difor har me eit ansvar for å handle når me vert uroa. Korleis du handlar kjem an på konteksten. Om mogeleg bør du fyrst snakke med vedkommande. Er du ein privatperson som er uroa for ein ven, nabo, kollega, eller ein annan innbyggjar kan du gjere følgjande:

Ta uroa på alvor! Tenk over kva du er uroleg for og ta ansvar for di uro!

Rådfør deg med fagfolk! Bruk lokalt politi, tilsette i kommunen, PST, eller andre fagfolk dersom du framleis kjenner at du er uroa. Du kan sjølv sagt vere anonym.

AVVERJEPLIKTA – STRAFFELOVA § 196

Jfr. avverjeplikta i straffelova har alle eit ansvar for å bidra til at kriminelle handlingar vert stoppa.

Denne plikta gjeld og utan omsyn til teieplikta i enkelte tilfelle, f.eks. terrorhandlingar, ulovleg militær verksemd og grove valdssaker.

**TILTAK OFFENTLEGE
TILSETTE**



EG ER UROA – KVA GJER EG?

OFFENTLEGE TILSETTE

Offentleg tilsette har plikt til å førebygge og avverje alvorlege lovbrøt, herunder hatkriminalitet og valdeleg ekstremisme.

Ved uro for barn, ungdom, unge vaksne, vaksne eller eldre oppmodar me at du gjer følgjande:

AVVERJEPLIKTA – STRAFFELOVA § 196

Jfr. avverjeplikta i straffelova har alle eit ansvar for å bidra til at kriminelle handlingar vert stoppa.

Denne plikta gjeld og utan omsyn til teieplikta i enkelte tilfelle, f.eks. terrorhandlingar, ulovleg militær verksemd og grove valdsaker.

	Handling	Ansvarleg
1	TA UROA PÅ ALVOR Tenk over kva du er uroleg for og gjer det som trengs for å redusere din eigen uro. Ta ansvar for uroa di!	Tilsette
2	GÅ I DIALOG MED DEN DET GJELD (EVENTUELT FORELDRE) Ver nysgjerrig og spør om kva som ligg bak endringane/utsegn/handlingane/haldningane. Kartlegg moglege teikn for uro. Drøft uroa med kollegaer/leiarar/politi (sjå «uro – Kva skal me sjå etter» på s.4).	Tilsette
3	DRØFT UROA Drøft uroa med leiinga og eventuelt med dei ressursane ein har tilgjengelege. Det vert avtalt kven som har hovudansvaret for å fylje opp uroa vidare.	Leiinga ved verksemda/eininga
4	MELD UROA Verksemda kan drøfte saka anonymt med barnevern og/eller lokalt politi. Det vert eventuelt sendt uromelding til barnevern og/eller politi.	Leiinga ved verksemda/eininga
5	UROSAMTALE Dersom fleire instansar er uroa for radikaliserings, hatkriminalitet og ekstremisme kan politiet fylje opp med ein urosamtale med den unge og foreldra. Svært alvorleg uro vert meldt vidare til PST av lokalt politi.	Politi Barnevern Føresette
6	TVERRFAGLEG SAMARBEID, OPPFØLGING, VIDARE ARBEID Kven skal fylgje opp/koordinere arbeidet rundt ungdommen? Lag ein plan for å jobbe heilskapleg med den unge. Her har kommunane modellar som er i bruk.	Koordinator av plan. Aktørar på tvers av avdelingar/einingane

KONTAKTINFORMASJON

POLITI/ PST	☎ 52 86 53 00 (Stord lensmannsdistrikt) ☎ 02800/ 112
BØMLO KOMMUNE	☎ 53 42 30 00
SLT-KOORDINATOR JOHN HENRIK STAVELAND SÆTER	☎ 97 55 21 21
FITJAR KOMMUNE	☎ 53 45 85 00
SLT-KOORDINATOR ANDERS SÆTRE	☎ 46 43 29 89
STORD KOMMUNE	☎ 53 49 66 00
SLT-KOORDINATOR BJARTE EPLAND	☎ 48 15 32 18
SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE BARNEVERN TENESTE	☎ 97 55 21 63
ALARMTELEFONEN FOR BARN OG UNGE:	☎ 11 61 11

LENKER TIL RESSURSSIDER

- 🏠 utveier.no
- 🏠 www.radikalisering.no
- 🏠 www.pst.no/blogg/radikalisering
- 🏠 www.plattform.no

KJELDER

- Nordahl, Gravrok, Knudsmoen, Larsen og Rørnes, 2005 www.tidligintervensjon.no/Risiko-og-beskyttelsesfaktorer/Veileder/Risiko--og-beskyttelsesfaktorer/
- Regjeringa sin rettleiar: «Nasjonal veileder for forebygging av radikaliserings og voldelig ekstremisme»
- SALTO i Oslo sin rettleiar: «Veileder ved bekymring – Hvordan forebygge og håndtere hatkriminalitet og voldelig ekstremisme»
- Kristiansand kommune sin rettleiar «Forebygging av radikaliserings og voldelig ekstremisme – Fra bekymring til handling»
- Time kommune sin rettleiar: «Hvordan forebygge radikaliserings og håndtere voldelig ekstremisme i vårt lokalmiljø»



POLITIET